

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 25.05.2018
Vår ref.: 2018/10304-3
Saksbehandlar: heilars
Dykkar ref.:

RULL-midlar landbruket Hordaland Tilsegn om tilskot på inntil kr 50000 til prosjektet vått og vilt klima - praktiske tiltak for landbruket i Meland - RULL-084-2018

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 09.04.2018, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 50 000 til prosjektet frå budsjettet for RULL-midlar landbruket Hordaland.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 30.06.2020. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Det våte klima kombinert med mykje myrjord har alltid gjort at det er krevjande å vera vestlandsbonde. Klimaendringar med meir ekstremver og nedbør i vekstsesongen har gjort det endå vanskelegare. Likevel ser ein at nokre bønder likevel får ut husdyrgjødsla til rett tid og klarar å få brukbare avlingar sjølv i uår som 2017. Landbrukskontoret har ved fleire høve hatt lærerike diskusjonar om kva bøndene som lukkast gjer, og kva dei som ikkje får det til kunne gjort annleis. Det er små og store tiltak som handlar om å gjera ting til rett tid, vera i forkant med dreneringssystem og interne driftsveggar, og endra gjødselpraksis med anna type utstyr m.m.

Forskning og utviklingsarbeid knytt til klimatilpassing er ofte teoritisk og det er vanskeleg for den enkelte bonde å omsetja denne kunnskapen til ny praksis på sin eigen gard. Ein anna ting er at det lokale jordsmonnet varierer og gjer at det som verkar andre stader ikkje er alltid er mogleg her.

Tanken med dette prosjektet er å setja fokus på dei som lukkast, og prøva å gjera deira erfaringar tilgjengeleg for resten av bøndene på ein slik måte at dei kan endra praksis. Erfaringsbaserte tiltak samanhalde med forskingsresultat kan formidlast gjennom videosnuttar der ein syner bønder som gjer dette i praksis, og ein kan få vist både korleis og kvifor ein bør gjera ting på andre måtar for å tilpassa seg det endra klimaet.

Landbrukskontor og rådgivingstenesta føler ofte at ein manglar verktøy for å formidla kunnskap til bøndene. Klimatilpassing er eit stort og vidt begrep som ikkje gjer mykje mening før ein fyller det med praktiske døme. Bønder lærer mest av andre bønder, men det er ikkje noko opplegg for slik formidling. Ved å ta i bruk sosiale media og videosnuttar trur ein når ut til spesielt nye bønder. Nye bønder ser me hentar mykje av kunnskapen sin frå internett og då er det viktig å gjera det tilgjengeleg på den måten. Lengre avstandar til

rådgiving og eit mindre aktivt landbruksmiljø pga færre bønder har gjort det vanskelegare å nå ut med ny kunnskap. Bruk av media bruk kan difor vera eit effektiv verktøy.

Prosjekt mål

Prosjektet handlar om klimatilpassing basert på lokale tilhøve. Ein vil samla erfaring frå aktive bønder og frå forskning for å finna praktiske tiltak som har overføringsverdi til andre bønder i kommunen, og bruka videosnuttar og sosiale media som verktøy for formidling.

Aktivitetar

Laga ei arbeidsgruppe med bønder, forvaltning og rådgjevartenesta.

Samla kunnskap om praktiske tiltak frå aktive bønder som har lært gjennom erfaring kva som verkar.

Bruka erfaring frå pågåande pilotprosjekt i regi av Vassdirektivet, der ein kartlegg korleis landbruksaktivitet påverkar vasskvaliteten i 4 utvalgte vassdrag i regionen.

Samarbeida med pågåande biosfæreprosjekt. Nordhordland er Norge sin første kandidat til å bli eit UNESCO Biosfæreområde som vil seie ei utnemning for å vere eit modellområde for berekraftig utvikling. Dette gjev regionen eit heilskapleg grunnlag for å utvikle alle delar av samfunnet til det beste for kommande generasjonar. Sentralt her er gamle tradisjonar, erfaringar og ny forskning for å få til ein kunnskapsdrevne utvikling.

Kartlegga relevant forskning/erfaring frå andre stader.

Samhalda desse og ut frå det laga opplegg for kva tiltak som skal filmast, intervjuar

Finna bønder som vil formidla- der dei fortel om gode praktiske tips – få opplegg for filming, redigering m.m – her tenkjer ein opplegg med lokal mediabedrift; Buss og media.

Kunnskapen finst der ute, men det handlar om å gjera den tilgjengeleg for brukarane. Laga informasjonsopplegg korleis formidla dette til lokale bønder, t.d mark dagar m.m

Tidsplan

Prosjektet må følgja årshjulet i landbruket og må difor gå over minst eit år. Ein treng tid til planlegging og førebuing så målet er å starta opp filming til hausten.

Organisering

Prosjekteigar: Meland kommune

Organisasjonsnr.: 951549770

Prosjektleder: Laila Bjørge

Epost: laila.bjorge@meland.kommune.no

Prosjektorganisering:

Prosjekteigar er Meland Bondelag, Meland kommune og Landbruksrådgivinga

Meland kommune vil vera prosjektansvarleg, Landbruksrådgivinga vil ha det faglege ansvaret og Meland bondelag skal bidra med sine erfaring og dela erfaring frå sine medlemmar

Det vert laga ei arbeidsgruppe med bønder, forvaltning og rådgjevartenesta.

Samarbeidspartnarar:

Bruka erfaring frå pågåande pilotprosjekt i regi av Vassdirektivet, der ein kartlegg korleis landbruksaktivitet påverkar vasskvaliteten i 4 utvalgte vassdrag i regionen.

Samarbeida med pågåande biosfæreprosjekt. Nordhordland er Norge sin første kandidat til å bli eit UNESCO Biosfæreområde som vil seie ei utnemning for å vere eit modellområde for berekraftig utvikling. Dette gjev regionen eit heilskapleg grunnlag for å utvikle alle delar av samfunnet til det beste for kommande generasjonar. Sentralt her er gamle tradisjonar, erfaringar og ny forskning for å få til ein kunnskapsdrevne utvikling.

Forankring i RULL

Prosjektet er forankra i RULL ved at det bidreg til livslang læring for Hordlandsbonden.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 50 000

Søknadsbeløp: 70 000

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2018	2019	SUM
Brosjyre		15 000	15 000
Diverse		10 000	10 000
Formidling/markdager		25 000	25 000
Møter	5 000	5 000	10 000
norsk landbruksrådgiving	20 000	20 000	40 000
Prosjektleiing	20 000	20 000	40 000
Reiser	5 000	5 000	10 000
Videoproduksjon	20 000	30 000	50 000
Sum kostnad	70 000	130 000	200 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2018	2019	SUM
Andre midlar	7 000		7 000
Anna finansiering	20 000		20 000
Fylkesmannen i Hordaland	73 000		73 000
Landbruksrådgivinga- eigeninnsats	10 000		10 000
Meland bondelag- eigeninnsats	10 000		10 000
Meland kommune- eigeninnsats	30 000		30 000
RULL-hfk	50 000		50 000
Sum finansiering	200 000		200 000

3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 25,0 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Filmane som vert produsert må vere lett tilgjengelege for flest mogleg næringsaktørar.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **25,0 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 50 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsmottakaren skal deretter sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport, som vurderer oppnådd resultat i prosjektet, og ein kostnadsrapport. Dette må skje seinast innan 30.06.2020.
- I tillegg skal signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i Løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Heidi Bjønnes Larsen

Epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Telefon: 99613868

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for RULL-midlar landbruket Hordaland

Prosjektnamn: Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland

Tilsegnsnr.: RULL-084-2018 **Løyvd beløp:** 50 000

Vår ref. (arkiv): 2018/10304

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Meland kommune

Postadresse: P.b 79,

5906 FREKHAUG

Org.nr.: 951549770

Kontaktperson: Laila Bjørge

Telefon: 56171000 **Mobil:** 95735405

E-post: laila.bjorge@meland.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Heidi Bjønnes Larsen

E-post: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Telefon: 99613868

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

